

**Notat**

Dato: 26.10.2017  
Arkivsak: 2017/2682-31  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Angående opptrykk av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017 – svar frå SKYSS**

Det vert vist til sak RS 17/2017 i møte den 12.09.2017, SKYSS: Angående opptrykk av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017.

SKYSS hadde ei orientering i møte i fylkeseldrerådet den 01.06.2017 om:

- Papirlause rutetabellar og infobrosjyren: Får bussane og båtane påfyll av brosjyren ?
- Servicelinjenettet i Bergen

Fylkeseldrerådet har minna SKYSS på lovnad om opptrykk av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017. Skyss har følgjande svar:

«Folder med informasjon om hvor man kan finne ruteinformasjon ble, som du kjenner til, plassert ut i alle bussene i Hordaland desember 2016.

I forbindelse med oppstart av sommerruter 2017 trykket vi opp nytt opplag, og etterfylte i bussene. Etter Sykkel-VM vil vi igjen sjekke at folderne er på plass, og etterfylle om nødvendig.»

Til info.